

INNkjøpsSTRATEGI

Vedtatt K-sak 38/25



INNHALD

Innhald	1
Innleiing.....	2
Visjon	2
Hovudmål	3
Delmål.....	4
Delmål 1. Kommunen skal gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp	4
Delmål 2. Kommunen skal organisere seg slik at vedtatt innkjøpsstrategi forankrast og vert etterlevd i alt innkjøpsarbeid i kommunen	6
Delmål 3. Kommunen sine innkjøpsprosessar skal vere gjennomsiktede og skal kunne etterprøvast	7
Delmål 4. Kommunen skal bidra til innovasjon	9
Delmål 5. Kommunen sine innkjøp skal vere økonomiske og kvalitativt gode	10
Delmål 6. Innkjøpa skal bidra til betre behovsdekning og møte framtidige behov	11
Delmål 7. Sande kommune skal aktivt nytte handlingsrommet i innkjøpsregelverket og leggje til rette for at lokale aktørar skal kunne vere med i konkurransen.....	13



INNLEIING

Innkjøpsstrategien skal bidra til at Sande kommune sine innkjøp vert gjort i samsvar med til ein kvar tids gjeldande regelverk. Den skal bidra til oppfylling av sentrale og lokale politiske vedtak og målsetjingar, og vere retningsgjevande for administrasjonen sitt verke.

Innkjøpsstrategien gjeld for alle kommunen sine sektorar og avdelingar. Strategien skal leggje grunnlag for einsarta gjennomføring, tenking og åtferd i samband med anskaffing av varer, tenester, bygge- og anleggsprosjekt.

Innkjøpsstrategien skal bidra til at kommunen får dekt sitt behov for varer, tenester, bygg og anlegg, slik at kommunen kan oppfylle sitt samfunnsoppdrag som tenesteleverandør, arbeidsgjevar og samfunnsaktør. Kommunen skal vere ein attraktiv kunde og god samarbeidspartnar.

VISJON

Innkjøpa skal ivareta dei tre overordna dimensjonane i FN sine berekraftmål – økonomi, sosial/kulturell og miljø – og skape meirverdi for kommunen og lokalsamfunnet.



I denne innkjøpsstrategien byggjer kommunen på visjonen til kommunen, "Sande – i lag!", og dei grunnleggjande verdiane **mangfald**, **humor** og **ansvarleg**.



Verdiane skal prege måten kommunen gjennomfører innkjøp på, med formål om å skape eit inkluderande og levande lokalsamfunn der alle deltek og bidreg.

Gjennom å støtte eit mangfald av leverandørar, spesielt lokale bedrifter, vil dette fremje vekst og trivsel i næringslivet.

Ved å ha ein open og positiv dialog med leverandørane, der det er rom for humor og gode relasjonar, skapar vi eit godt samarbeidsklima. Samtidig tek vi ansvar for at innkjøpa våre er berekraftige og etiske, slik ar vi forvandlar ressursane på ein måte som kjem heile samfunnet til gode.

Ved å la visjonen vår leie oss i innkjøpsarbeidet, kan vi sikre at vi ikkje berre dekkjer dei materielle behova til kommunen, men også bidreg til å styrkje fellesskapet og trivselen i Sande.

Det er i fellesskap vi skaper endring – og det er saman vi skal gjere det. Sande – i lag!

HOVUDMÅL

Det skal leggjast vekt på miljø, samfunnsansvar og nytenking. Innkjøpa skal vere kostnadseffektive, ha tilstrekkeleg kvalitet, bidra til god tenesteproduksjon, støtte opp under kommunens målsetnader og strategiar, og skape meirverdi for både kommunen og lokalsamfunnet.

Innkjøpsstrategien skal fremme lov om offentlege anskaffingar¹ (LOA) sitt føremål:

LOA § 1. Formål

Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptrer med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.

Dei grunnleggande innkjøpsprinsippa i § 4 skal følgjast ved innkjøp:

LOA § 4. Grunnleggende prinsipp

Oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvnarhet og forholdsmessighet.

Hovudmål og delmål i innkjøpsstrategien er basert på dei krav og fokusområde som går fram av regelverket for offentlege innkjøp, politiske føringar og satsings- og forbetringspotensiale innan innkjøpsområdet.

¹ Lov om offentlege anskaffingar LOV-2016-06-17-73



DELMÅL

1. Kommunen skal gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp. Innkjøpet sitt klima-avtrykk gjennom si levetid skal ha vesentleg vekt ved val av produkt eller leverandør.
2. Kommunen skal organisere seg slik at vedtatt innkjøpsstrategi vert forankra og etterlevd i alt innkjøpsarbeid i kommunen.
3. Kommunen sine innkjøpsprosessar skal vere gjennomsluktige og skal kunne etterprøvast.
4. Kommunen skal bidra til innovasjon.
5. kommunen sine innkjøp skal vere økonomisk og kvalitativt gode.
6. Innkjøpa skal bidra til betre behovsdekning og møte framtidige behov.
7. Kommunen skal utnytte handlingsrommet i innkjøpsregelverket og leggje til rette for at lokale aktørar skal kunne vere med i konkurransen.

DELMÅL 1. KOMMUNEN SKAL GJENNOMFØRE SAMFUNNS-ANSVARLEGE INNKJØP

Kommunen skal etter lovverket sette krav til samfunnsansvar og miljø. Kommunen skal ta aktivt samfunnsansvar gjennom å etterspørje og forbruke varer og tenester som er produsert etter høge etiske, sosiale og miljømessige standardar.

LOA § 5. Miljø, menneskerettigheter og andre samfunnshensyn

Statlige, fylkeskommunale og kommunale myndigheter og offentligrettslige organer skal innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere skadelig miljøpåvirkning, og fremme klimavennlige løsninger der dette er relevant. Dette skal blant annet skje ved at oppdragsgiveren tar hensyn til livssyklus kostnader². Disse oppdragsgiverne skal også ha egnede rutiner for å fremme respekt for grunnleggende menneskerettigheter ved offentlige anskaffelser der det er en risiko for brudd på slike rettigheter (...)

Oppdragsgiveren kan stille egnede krav og kriterier knyttet til ulike trinn i anskaffelsesprosessen, slik at offentlige kontrakter gjennomføres på en måte som fremmer hensyn til miljø, innovasjon, arbeidsforhold og sosiale forhold, forutsatt at kravene og kriteriene har tilknytning til leveransen.

Oppdragsgiveren skal stille krav til universell utforming i offentlige kontrakter i samsvar med regler som fastsettes i forskrift.

² Alle kostnader gjennom levetid/brukstid for ei vare, teneste eller bygg. Omfattar både kostnader til kjøp/investering, forvaltning, drift, vedlikehald, m.m.

Samfunnsansvaret skal implementerast gjennom tydelege krav i interne reglement og avtalar, samt gjennom dialog og samarbeid med kommunen sine leverandørar. Gjennom planlegging og gjennomføring av innkjøp skal kommunen gjere seg kjend med dei tilbod av varer, tenester og moglegheiter som marknaden tilbyr.

Klima- og miljømessige konsekvensar skal vurderast der dette er lovpålagt og/eller relevant. Innkjøpet sitt klimaavtrykk og andre miljøomsyn, skal vektleggast ved val av produkt eller leverandør. Miljøomsyn som skal vurderast er til dømes; livssyklus kostnader, transportløyningar, forbruk av energi, og utslepp av klimagassar. Ved gjennomføring av anskaffingar der miljø er ein relevant faktor, skal det vurderast korleis kommunen skal stile miljøkrav; enten i kravspesifikasjonen, som kvalifikasjonskrav³ eller som tildelingskriterium⁴ med minimum 30 % vekting⁵.

Dersom miljøeffekten har ein ekstra kostnad for kommunen, skal det vurderast om kostnaden står i samsvar med miljøgevinsten.

Tiltak:

- Etablere ein innkjøpspraksis som bidreg til å redusere skadelege miljøpåverknader knytt til innkjøp, samt fremjar klimavenlege løysingar. Kommunen skal i sine innkjøp vurdere å sette høgare klimamål enn det som fylgjer av lovpålagde minstekrav.
- Ta aktivt samfunnsansvar og bruke kontraktkrav for å hindre arbeidslivskriminalitet og sosial dumping.
- Etablere ein innkjøpspraksis som fremmar respekt for grunnleggande menneskerettar, og bidreg til å hindre brot på slike rettar.
- Sette krav til bruk av lærlingar der dette er relevant.
- Vurdere bruk av malar og verktøy som er utarbeida av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) eller tilsvarande, samt utvikle eigne malar.

Resultatmål:

- Oppfylle lovkrav til løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.
- Unngå avvik og pålegg frå Arbeidstilsynet for brot på regelverket kring løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

³ Kvalifikasjonskrav er minimumskrav til leverandøren si eignaheit til å gjennomføre kontraktsforpliktinga. Kvalifikasjonskrav er enten bestått eller ikkje bestått. Dei vert ikkje rangert.

⁴ Kriterier som vert vektlagt ved val av leverandør som har levert anbod. Døme er; pris, kvalitet, leveringstidspunkt, miljøkrav, m.m.

⁵ Forskrift om offentlege anskaffingar FOR-2016-08-12-974 § 7-9 (2)

- Unngå kjøp frå føretak som driv med arbeidslivskriminalitet og sosial dumping.
- Unngå kjøp av produkt som ikkje stettar miljømessige standardar eller krav om universell utforming.
- Redusert klimaavtrykk frå Sande kommune som organisasjon.

DELMÅL 2. KOMMUNEN SKAL ORGANISERE SEG SLIK AT VEDTATT INNKJØPSSTRATEGI FORANKRAST OG VERT ETTERLEVD I ALT INNKJØPSARBEID I KOMMUNEN

Innkjøpsstrategien skal saman med gjeldande regelverk, politiske vedtak/målsetjingar, og innkjøpsreglementet danne grunnlaget for Sande kommune sin innkjøpspraksis.

For at kommunen skal nå sine overordna resultatmål og målsetjingar til budsjett, drift og levering av tenester, er det viktig med ein godt forankra innkjøpspraksis, der administrativ leiing, sektorane og avdelingane i kommunen jobbar systematisk med planlegging, gjennomføring og oppfølging av innkjøpsprosessar og innkjøp.

Ansaret for gjennomføring av innkjøp ligg hjå dei ulike sektorane/avdelingane. Ansaret omfattar både planlegging, gjennomføring, kontraktsoppfølging og budsjettansvar.

Kommunalsjef/avdelingsleiar skal ha oversikt over sine innkjøp og inngåtte avtaler, samt sikre at inngåtte rammeavtaler vert nytta.

Innkjøpsansvarleg⁶ bidreg med fagleg støtte i samband med innkjøp/innkjøpsprosessar. Innkjøpsansvarleg kan delta eller gjennomføre heile/delar av innkjøpsprosessen.

Det er viktig at innkjøpsstrategi, rutinar og innkjøpspraksis vert forankra og kommunisert i heile organisasjonen. Kommunen skal ha fokus på læring, kontinuerleg forbetring, og kompetanseheving for tilsette som jobbar med innkjøp og bestiller varer og tenester.

⁶ Tilsett i Sande kommune med fagansvar for innkjøp, og som koordinerer innkjøp og innkjøpsprosessar.

Tiltak:

- Kommunedirektør har ansvar for at innkjøpsstrategien vert nytta som eit strategisk verktøy for å oppnå målsettingar i kommuneplan og budsjett.
- Kommunalsjef har innanfor eigen sektor ansvar for at innkjøparane er gjort kjent med innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement.
- Kommunalsjef har innan eigen sektor ansvar for planlegging av større innkjøp og innkjøpsprosessar som skal gjennomførast i løpet av året.
- Kommunalsjef/avdelingsleiar har ansvar for at innkjøpsansvarleg vert involvert i planlegging av konkrete innkjøp.
- Innkjøpsansvarleg ajourheld innkjøpsreglement.
- Informasjon til innkjøparar/bestillarar om rammeavtaler og bruk av desse.
- Kompetanseheving innan innkjøp og bruk av rammeavtaler.
- Anskaffing av IT-verktøy for kontraktsoppfølging m.m.

Resultatmål:

- Innkjøp organisert på ein profesjonell måte med klare ansvarsliner.
- Vurdere behovet for ekstern kompetanse når det er behov for innkjøp på nasjonale terskelverdiar.
- God intern kontroll av innkjøp og innkjøpsprosessar.
- Betre planlegging av innkjøp.
- Auka avtaledækning i prosent.
- Betre avtaleoppfølging.

DELMÅL 3. KOMMUNEN SINE INNKJØPSPROSESSAR SKAL VERE GJENNOMSIKTIGE OG SKAL KUNNE ETTERPRØVAST

Kommunen skal sikre at innbyggjarar, media og andre aktørar gis innsyn i dei innkjøpa som vert gjort, samt gjennomføringa av innkjøpsprosessane.

Innsyn er viktig for å sikre offentlegheit kring bruken av kommunen sine midlar. Innsyn sikrar gjennomsiktighet i innkjøpsprosessar, og at avvik kan avdekkast og etterprøvast. Kunnskap om korleis kommunen sine midlar vert nytta er viktig for demokratisk kontroll og allmennheita si tillit til kommunen.

Det skal leggjast til rette for innsyn i offentlege dokument, samstundes som krav til teieplikt, personvern og datasikkerheit vert respektert.

Ved innkjøp skal alle leverandører få lik informasjon og kommunen må påsjå at grunnleggande prinsipp i LOA § 4 om «konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvnbarhet og forholdsmessighet» vert ivaretatt.

Alle innkjøp som er omfatta av lov om offentlege anskaffingar⁷ skal dokumenterast med innkjøpsprotokoll som skal arkiverast. Der bestillar meiner at det kan gjerast unntak frå regelverket, så skal dette grunngjevast i protokoll.

Det kan også vere naudsynt å føre protokoll på kjøp som ikkje er omfatta av lova, der det kan verte spørsmål om habilitet.

Innkjøp over nasjonal terskelverdi⁸ skal gjennomførast digitalt med KGV-verktøy⁹. Bruk av KGV-verktøy sikrar at innkjøpsprosessen skjer raskt, effektivt, elektronisk og i samsvar med regelverket.

Kommunen skal følgje den digitale utviklinga i offentlege innkjøp.

Tiltak:

- Alle arkiververdige dokument i anskaffinga skal arkiverast i Acos Websak¹⁰
- Alle avtalar som vert inngått skal arkiverast i Acos Websak. Dette gjeld og avtaler som ligg lagra digitalt i Altinn eller liknande
- Bruke kommunens internett til å informere publikum om byggeprosjekt og større anskaffingar
- Bruke kommunens intranett til å informere om innkjøp og innkjøpsprosessar
- Nytte klagarsaker til læring
- Nytte KGV-verktøy
- Klargjere praksis i innkjøpsreglement

Resultatmål:

- Unngå klager på innkjøp frå leverandører.
- Reduksjon av merknadar frå kommunerevisjonen.
- Betre oppbevaring av saksopplysningar og dokumentasjon.
- Bruk av KGV-verktøy ved alle anskaffingar over nasjonal terskelverdi.
- Sikre offentlegheit kring anskaffingar og bruk av offentlege midlar.

⁷ LOA gjeld for alle anskaffingar over 100 000 kr. eksklusiv meirverdiavgift, jf. LOA § 2.

⁸ Det er kunngjeringsplikt på beløp over nasjonal terskelverdi. Beløpsgrense er p.t. 1,3 mill.kr

⁹ Konkurransegjennomføringsverktøy. Elektronisk løysing for kunngjering av konkurransar i Norge og EU, og for levering av tilbod frå leverandører. Offentlege verksemder er pliktige KGV-verktøy på innkjøp over 1,3 mill.kr.

¹⁰ Sande kommune sitt sak/arkiv system.

- Betre kommunikasjon internt i organisasjonen.
- Betre kommunikasjon til leverandører, publikum og media.
- Oppretthalde tillit og omdømme.
- Sikre personvern og datatryggleik.

DELMÅL 4. KOMMUNEN SKAL BIDRA TIL INNOVASJON

Innovasjon handlar om finne nye løysingar på eksisterande og framtidige behov, og å invitere ulike fagmiljø inn i prosessen for å få dekke desse behova på ein kostnadseffektiv og berekraftig måte. Kommunen skal bygge både for eksisterande og framtidige behov. Kommunen skal søke synergieffektar ved å sjå fleire prosjekt i samanheng.

Innkjøpsmetodikken *innovative innkjøp* kan nyttast når ein har ei problemstilling der det manglar gode løysingar, og der innovasjon kan gi ein meirverdi/gevinst for kommunen eller lokalsamfunnet når det gjeld økonomiske ressursar, kvaliteten på ei teneste, sosialt/kulturelt eller miljø. Innovative innkjøp er samskaping mellom kommunen, næringslivet og andre samarbeidspartar. Resultatet kan gi innovativ effekt både hjå kommunen og hjå leverandør. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ)¹¹ og leverandørutviklingsprogrammet¹² kan gje råd om gjennomføring av innovative innkjøp.

Tiltak:

- Innkjøpsansvarleg skal involverast tidleg i konkrete innkjøpsprosessar for rådgjeving om framgangsmåte i samsvar med regelverk om offentlege anskaffingar.
- Kartlegging, behov, involvering av andre fagområde, innspel før konkurransegrunnlag.
- Søkje kompetanse og opparbeide kompetanse i eigen organisasjon for gjennomføring av innovative innkjøp.

¹¹ *Nettstaden: anskaffelser.no*

¹² *Samarbeid mellom KS og NHO om å forenkle og forbetre offentlege anskaffingar.*

DELMÅL 5. SANDE KOMMUNE SINE INNKJØP SKAL VERE ØKONOMISKE OG KVALITATIVT GODE

Kommunen skal ha ein systematisk og heilskapleg innkjøpspraksis. God planlegging og gjennomføring av innkjøp, skal bidra til kvalitet og effektivitet i innkjøpsprosessen.

Før det vert gjennomført innkjøp skal det vurderast om innkjøpet er naudsynt eller om behovet kan dekkast gjennom andre måtar, som t.d. ombruk, flytting av ressursar eller liknande. Kommunen sitt forbruk skal ta omsyn til berekraftsmål og bidra til ein sirkulær økonomi.

Innkjøp skal vere basert på konkurranse. Dei som gjennomfører innkjøpet og bestiller varer/tenester skal opptre i samsvar med god forretningsskikk og sikre høg etisk standard både i interne og eksterne sakshandsaming.

Ved anskaffingar der konkurransegrunnlaget ikkje vert kunngjort¹³, skal val av leverandørar som får tilsendt konkurransegrunnlaget være basert på objektive og ikkje-diskriminerande kriterier. Der det finnast aktuelle lokale leverandørar, skal kommunen likevel aktivt invitere desse til å delta i konkurransen.

Tildeling av kontrakt skal skje på grunnlag av krav sett i konkurransegrunnlag, og etter objektive og ikkje-diskriminerande kriterier.

Kommunen skal ha oversikt over avtalar kommunen er bunde av, og aktivt følgje opp desse. Det er ei målsetjing å auke avtaledekning og bruk av rammeavtalar.

Administrative og politiske vedtak som medfører innkjøp, må gje tilstrekkeleg tid til å gjennomføre ein forsvarleg og kvalitativ god innkjøpsprosess. Dei ulike sektorane og avdelingane innan kommunen har eit sjølvstendig ansvar for gjennomføring av konkurransen.

Gode rutinar, og nettverkssamarbeid internt og med andre kommunar, skal redusere bruk av kostbare konsulenttenester. Ekstern ekspertise kan unntaksvis nyttast i kompliserte innkjøpsprosessar.

Tiltak:

- Vurdere om det er naudsynt med nytt innkjøp for å dekke behovet.
- Nytte innkjøpssamarbeidet med Ålesund¹³ aktivt.
- Vurdere felles innkjøp med andre kommunar, der dette er mogleg/ønskeleg.
- Sikre at rammeavtalar vert brukt lojalt.
- Sikre brukarmedverknad i samband med anskaffingar.
- Kvalitetssikre konkurransegrunnlag og annan dokumentasjon.
- Utarbeide, forenkle og ajourhalde skjema/malar for bruk ved innkjøp.
- Orienterer om regelverket og praktisk bruk internt i organisasjonen.
- Sikre at bestillar har tilstrekkeleg kompetanse og mynde.

Resultatmål:

- Unngå unødige anskaffingar.
- Auka ombruk medfører reduserte kostnader, mindre avfall og redusert miljøbelastning.
- Sikre gevinstrealisering gjennom effektive innkjøpsprosessar, samt oppfølging og bruk av eksisterande avtaler. Utløyse stordriftsfordelar.
- Auka avtalelojalitet
- Innkjøp skal være innanfor vedteke budsjett.
- Minimum av klager på innkjøp frå leverandørar.
- Reduksjon av merknadar frå kommunerevisjonen.

**DELMÅL 6. INNKJØPA SKAL BIDRA TIL BETRE
BEHOVSDEKNING OG MØTE FRAMTIDIGE BEHOV**

Innkjøpa skal bidra til at kommunen kan levere gode tenester til innbyggjarar og næringsliv i dag, og i framtida.

Kommunen skal anskaffe og etterspørje varer, tenester, bygg og anlegg, som gjer det mogleg for kommunen å levere naudsynt kvalitet og kvantitet på kommunen sine tenester.

Kommunen skal ha fokus på dagens behov, samt sannsynleg framtidig behov og løysingar.

¹³ Samarbeidsavtale mellom alle kommunane på Sunnmøre, der Ålesund kommune leverer tenester innan innkjøp, rammeavtaler og rådgjeving kring innkjøp

Kartlegging av kommunen sine behov for innkjøp og nye rammeavtaler skal skje løpande og være proaktiv.

Innkjøpsansvarleg har ansvar for dialog med innkjøpssamarbeidet i Ålesund om etablering av nye rammeavtaler, samt forlenging av eksisterande rammeavtaler. Innkjøpsansvarleg avklarar internt med kommunalsjef/einingsleiar.

Sektorane planlegg årleg behov for innkjøp av varer og tenester i samband med utarbeiding av budsjett.

Kommunalsjef har innan eigen sektor ansvar for planlegging av større innkjøp og innkjøpsprosessar som skal gjennomførast i løpet av året. Innkjøpsansvarleg skal ha oversikt over større pågåande innkjøp, og vurderer samkøying av innkjøpsprosessar.

Tiltak:

- Nytte innkjøpssamarbeidet med Ålesund aktivt.
- Vurdere felles innkjøp der dette er mogleg/ønskeleg.
- Kommunalsjef har ansvar for å planlegge større innkjøp og avtaler/anbod som skal gjennomførast i løpet av året.
- Kommunalsjef/avdelingsleiar har ansvar for at innkjøpsansvarleg vert teken med i tidleg fase av planlegging av innkjøp.
- Det bør lagast konkrete innkjøpsstrategar ved gjennomføring av anskaffingar over nasjonal terskelverdi.

Resultatmål:

- Innkjøp organisert på ein profesjonell måte med klare ansvarsliner og kontrollmekanismar
- Auka avtaledekning i prosent
- Forenkle innkjøpsprosessen for den enkelte innkjøper
- Sterkare fokus på kva behov innkjøpet skal stette
- Betre intern- og kostnadskontroll



DELMÅL 7. KOMMUNEN SKAL AKTIVT NYTTE HANDLINGSROMMET I INNKJØPSREGELVERKET OG LEGGJE TIL RETTE FOR AT LOKALE AKTØRAR SKAL KUNNE VERE MED I KONKURRANSEN

Innkjøpsstrategien er eit ledd i kommunen sin næringspolitikk for vekst i arbeidsplassar og auka lokal omsetning. Regelverket for offentlege innkjøp set klare grenser for korleis offentlege anskaffingar skal gjennomførast, men handlingsrommet i regelverket skal nyttast slik at lokale aktørar skal kunne vere med i konkurransen. Innkjøpssamarbeid gjer at kommunen kan være med i avtaler med stort innkjøpsvolum og låge prisar.

Kommunen skal delta aktivt i innkjøpssamarbeidet med Ålesund, og i tillegg delta i større regionale anskaffingar¹⁴.

I anskaffingar skal det i planleggingsfasen vurderast om det finnst lokale leverandørar som kan stette behovet, og korleis anskaffingane best kan innrettast for at lokale leverandørar kan delta i konkurransen. Kommunen skal i konkurransedokumenta unngå å stille krav og vilkår som unødig ekskluderer lokale leverandørar.

Kommunen skal søke å innrette konkurransen slik at små og mellomstore bedrifter kan delta i anskaffingane, enten som ein del av eit større leverandørsamarbeid eller, der dette er hensiktsmessig, gjennom oppdeling av anskaffingane i fleire varesegment og/eller geografiske delar.

Informasjon om relevante anskaffingar skal gis på kommunens internettside og i sosiale media.

Tiltak:

- Møte innbyggjarar og leverandørar med ei positiv og lyttande haldning.
- Ta omsyn til lokale forhold ved utarbeiding av konkurransedokument.
- Informere næringslivet om kvar dei finn konkurransane som vert kunngjort.
- Aktiv publisering av konkurransar for at leverandørar kan oppdage konkurransen utover dei offisielle innkjøpsportalane.
- Ved innkjøp under nasjonal terskelverdi skal kommunen aktivt invitere lokale verksemder til å gi tilbod, der det er aktuelt.
- Tilby opplæring i programvare for å levere anbod/tilbod.

¹⁴ Anskaffingar av ulike varer og tenester der mange kommunar deltek. Kva kommunar som deltek varierer etter kva som skal anskaffast. Kommunen har i dag store regionale avtalar innan til dømes; telefon, medisin, m.m.



- Lokale bedrifter som leverer anbud/tilbod og som ikkje når opp, kan ta kontakt etter at konkurransen er avslutta for å kunne lære om prosessen.
- Informasjon på kommunen si internettside om offentlege anskaffingar og kommunen sine rammeavtalar og konkurransar.

Resultatmål:

- Auka kunnskap om offentlege anskaffingar blant lokale leverandørar og publikum.
- Auka deltaking frå lokale leverandørar i anbudsprosessar. Fleire lokale leverandørar leverer anbud/tilbod.